



INNHALD

- 3 Teatersjefen har ordet
- 4 Styret si årsmelding
- 6 Fysikarane
- 8 På lokalet
- 10 Maria Magdalena – Jesu virke
- 12 Engelen frå Kobane
- 14 Yogakrigen
- 16 Eg er i går
- 18 Nasjonal prøve
- 20 Heddadagane – Invasjon!
- 21 Kinnaspelet
- 22 Vinje, vår mann
- 23 Eventyrrommet
- 24 Gjestespel
- 25 Samarbeidsprosjekt
- 26 Lab-prosjekt
- 27 Statistikk
- 28 Personale, styret, samarbeidspartar
- 30 Resultat/balanse
- 32 Notar
- 38 Revisor si beretning

TEATERÅRET 2018

Det er med stor glede vi ser tilbake på 2018. Teateråret har vore prega av stor aktivitet, eit godt kunstnarisk resultat og gode besøkstal. I løpet av året har vi presentert seks eigenproduksjonar, i tillegg til gjestespel og samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder. Teateret har besøkt mindre og større stader i fylket vårt, spelt på dei store kulturhusa, i idrettshallar, forsamlingshus og kyrkjer. Målet vårt er å vise scenekunst av høg kvalitet som også kan appellere til eit breitt publikum, slik at flest mogleg skal få del i tilbodet til teateret. Mykje for alle og noko for dei få.

Repertoaret i 2018 er bygd på prinsippa moderne og klassisk dramatikk med eit aktuelt tema for vår samtid. Sogn og Fjordane Teater skal vere lokalt forankra, men nasjonalt og internasjonalt inspirerte.

Sesongen vart opna med ein for mange den meir ukjende dramatikaren Dürrenmatt, og hans mest spelte og framleis dagsaktuelle drama "Fysikarane", der etikk og vitskap er tema. Framsyninga vart spela i teateret sin mobile blackbox, og ønsket var, reint formmessig, at framsyninga skulle gje ei noko annleis teateroppleving. Publikum vart utstyrte med hovudtelefonar, og lyd bildet og dialogen vart direkte sendt frå scene til sal. Sogn og fjordane Teater skal fortelje historier som er samfunnsaktuelle og identitetsskapande.

Årets samtidsdrama var ein urpremière, «Yogakrigen» av Ingrid Jørgensen Dragland. Manuset vart utvikla i samarbeid med Dramatikens Hus. Stykket handlar om kvinner i alle aldrar, og deira "kvardagsproblem":

Angsten for ikkje å strekke til, angsten for å ikkje vere pen nok, slank nok eller dyktig nok. Det heile er sett gjennom humoristiske briller i ei nyskapande form. Ny norsk dramatikk, skriven på nynorsk er av stor verdi for eit nynorsk teater, der det sceniske målføret er nynorsk. Språk er identitetsskapande.

Levemåten og historiene, -kven er meir skikka til å fortelje dei, enn dei som bur her? "Eg er i går" vart årets andre urpremière, eit stykke som ikkje berre er skriven på nynorsk, men på nynorske dialektar frå regionen. "Eg er i går" presenterer historier som er til å kjenne seg att i, og som byggjer på lokal kunnskap og tradisjon. 12 eldre frå heile Sogn og Fjordane var forfattarar. Den eldste 101 år, og den yngste 75 år. Manuset vart bygt opp omkring deira personlege og lokale historier frå regionen. Dette er forteljingar frå levde liv. Slik vart fylket si historie fortald gjennom innbyggjarane sine opplevingar av korleis det har vore å leve i Sogn og Fjordane. På scena var profesjonelle skodespelarar saman med 14 eldre frivillige dansarar, alt i alt 18 menn og kvinner, som turnerte med framsyninga. Med "Eg er i går" oppnådde teateret ein høgare oppslutnad og eit betre resultat enn forventa. Vi nådde eit publikum som ikkje tidlegare har besøkt framsyningane våre. Vi håpar dei kjem tilbake til fleire framsyningar.

I 2018 som i tidlegare år har vi utfordra oss sjølve med eit sjangermessig mangfald og ulike spele plassar. Etter talrike oppfordringar frå publikum, valde vi å ta opp att ein suksess frå 2016 "På Lokalet".

Nok ein gong fylte vi forsamlingshus til randa med denne danseframsyninga, -ikkje berre i vårt eige fylke, men òg i Rogaland og Hordaland.

Framsyninga "Maria Magdalena – Jesu Virke" er andre monolog i Håvard Rem sin trilogi om Messias, der tre kvinner gjev sin versjon av evangelia. Stykket vart vist i Rogaland ved sida av å besøkje mange kyrkjer i eige fylke.

Sogn og Fjordane Teater skal stimulere og fremje teaterlivet i fylket.

Vi er takksame for det gode samarbeidet og dialogen teateret har hatt med Den Kulturelle Skulesekken Sogn og Fjordane (DKS) i mange år no. Arbeidet med formidling av teater for og med ungdom hadde ikkje vore mogleg utan dette samarbeidet. "Nasjonal prøve", ein surrealistisk fabel om skule og terror, skriven av Maria Tryti Vennerød, er eit eksempel på dette. Prosjektet gjekk over eitt år. 12 elevar frå dramalinja på Firda vidaregåande skule stod på scena saman med profesjonelle skodespelarar frå teateret. Klassen fekk òg ei kort innføring i dei ulike fagområda på teateret: dramaturgi, lys, lyd, kostyme og scenografi.

«Sogn og Fjordane Teater er eit moderne, offensivt, produserande og turnerande teater med høg kunstnarisk kvalitet.»

Det er viktig å rekruttere ungdomar til publikum, men òg å vekkje interessa deira for teateret sine mange fagområde. Ikkje minst er rekruttering av skodespelarar med vestnorsk målføre svært viktig for eit nynorsk teater som vårt. Produksjonen vart avslutta med turné i regi av Sogn og Fjordane Teater i samarbeid med DKS. Vi har god grunn til å seie oss nøgde med dette samarbeidsprosjekt med Firda vidaregåande skule. Framsyninga vart ein kvalitetsproduksjon, ikkje minst takka vere dei 12 unike ungdomane som deltok.

I 2018 var det 200 år sidan Aasmund Olavson Vinje vart fødd. Vinje var ein av dei første som tok i bruk det nynorske skriftspråket som journalist og forfattar. Vinje vart feira over det ganske land, også hjå oss. "Vinje, vår mann" var eit samarbeid med Rom for ord. Tre aktørar på scena, ein songar, ein forfattar og ein skodespelar. Teateret feira Vinje med denne framsyninga som turnerte både i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og i Hordaland. Den vart òg vist på ulike litteraturfestivalar.

"Engelen frå Kobane", som er produsert i samarbeid med Hordaland Teater, turnerte i Hordaland i 2018, for så å turnere i Sogn og Fjordane i 2019. Andre samarbeid som kan nemnast er «Det gule tapetet» av Jeff Pedersen Productions "Gjesmearkivet" var ei nyskapande framsyning som utspelte seg i den gamle telegrafan på Lærdalsøyri. Sjelvsagt må også Kinnaspelet nemnast, -sommarens vakraste eventyr, som er av stor verdi for samspelet mellom teateret og lokale aktørar.

Også dette året har vi hatt framsyningar i Eventyrrommet, ei scene som har vitalisert teateret sitt tilbod for born. I løpet av året har vi hatt 9 ulike titlar på repertoaret, og 1037 born og vaksne har besøkt oss. Vi har òg hatt ulike verkstadsamlingar for born, sokkedokketeater og improteater. Både framsyningane og verkstadsamlingane har blir godt mottekne både av barnehagar, skular og familiepublikum.

Sogn og Fjordane Teater er eit moderne, offensivt, produserande og turnerande teater med høg kunstnarisk kvalitet. I 2018 ønskte vi å lage eit program som skulle vere leikande, poetisk og sanseleg, men vi har òg hatt som mål å skape litt uro og å utfordre publikummet vårt med ulike sjangrar og teaterformer. I løpet av 2018 har vi besøkt alle kommunane i fylket, vi har hatt 238 kunstnariske framsyningar og 47 formidlingsarrangement. Besøkstalet vårt er nok ein gong over 18 000, noko vi er stolte over. Vi takkar alle arrangørane som har teke imot oss og publikummet vårt som besøkje framsyningane våre.

Eg vil òg gjerne nytte høvet til å takke alle tilsette på Sogn og Fjordane Teater for den store felles innsatsen i 2018.

Bodil Kvamme

Bodil Kvamme
Teatersjef



STYRET SI ÅRSMELDING

Sogn og Fjordane Teater driv teaterverksemd i heile Sogn og Fjordane og held til i Førdehuset i Førde. Teateret er ein viktig del av fylket sitt kulturtilbod og når innbyggjarane i fylket med scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet. Teateret nyttar vestnorsk nynorsk som scenespråk.

I 2018 viste vi 238 framsyningar, vitja 64 spelestadar og presenterte 26 titlar, åtte av dei regulære produksjonar for turné. I Førde spelte vi 86 framsyningar, 31 av desse i Eventyrrommet. Resten vart vist på turné. Vi har nådd publikum over heile fylket og vitja alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Publikum tok godt imot tilbodet vårt i 2018, særleg «Eg er i går», «På Lokalet» og «Yogakrigen» selde godt. Den kulturelle skulesekken (DKS) har vore ein god samarbeidspart i år, som tidlegare. Særskilt i år var produksjonen «Nasjonal prøve», der teateret samarbeidde med Firda vidaregåande skule om produksjon og turné. Eit viktig prosjekt for teateret, og ei oppleving dei involverte elevane seint vil gløyme.

Vi har utnytta kapasiteten mellom hovudproduksjonane til å utvikle «Eventyrrommet» og andre samarbeidsprosjekt, som t.d. «Nynorsk Barnebokfest» og «Vinje, vår mann» i samarbeid med Rom for ord, Bornas Verdsdagar i samarbeid med Førdefestivalen, og familielaurdagar i samarbeid med Førdehuset. Dette har hatt innverknad på publikumstalet, supplert tilbodet og auka publikumstilfanget, spesielt i vertskommunen Førde.

Totalt hadde teateret 18 032 tilskodarar i 2018. Publikumstalet gjev grunnlag for optimisme med tanke på publikum og presse si interesse for teateret si verksemd. Vi skal halde fram med å arbeide målretta for å finne nye tiltak som gjer oss i stand til å treffe tilskodarar med framsyningane våre. Vi legg vekt på å arbeide langsiktig med publikumsutvikling og er opptekne av korleis besøkstala utviklar seg over tid, medvitne om svingingar frå år til år.

Sogn og Fjordane Teater har skapt mange gode opplevingar i bygder og byar i 2018 og skal halde fram med å presentere eit variert scenekunsttilbod på nynorsk til heile Sogn og Fjordane. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultatane i 2018 og ynskjer å takke teatersjefen og alle medarbeidarane for innsatsen. Styret opplever òg å ha ein god relasjon til eigarane og vil takke for samarbeidet med tilskotspartane og alle andre som har bidrege til teateraktiviteten i 2018.

Økonomi

Styret har sterkt fokus på å følgje opp økonomien og er nøgd med å konstatere at resultatet i 2018 er i tråd med budsjettet. Styret valde å nytte opptent eigenkapital for å sikre viktige prosjekt i 2018, difor vart det budsjettet med eit underskot på kr 305 000. Rekneskapen for 2018 syner eit underskot på kr 318 171 som er kr 13 171 over budsjettet.

Billettar

Billettinntektene var kr 1 482 651 og samla driftsinntekter var 29,3 mill. Av dette er 5,3 % eigeninntekter, som er det same som i 2017, medan vi i 2016 hadde eigeninntekter på 4,7 %. Teateret har innskotsbasert pensjon og ny AFP ordning. Pensjonskostnadane vert førte etter kontantprinsippet i tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter, og er omtalte i eigen note i årsrekneskapen (note 5).

Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda. Resultatet i 2018 reduserer eigenkapitalen til teateret og gjev ein eigenkapital på i overkant av 4 mill. Trass i reduksjonen er eigenkapitalen godt innanfor styret sitt mål.

Personale

Teateret hadde 19 fast tilsette og to personar på årskontrakt i 2018. Gjennom året var det engasjert vikarar og frilanspersonale som til saman utgjorde 8,1 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2018 var 29,1.

2018 var Bodil Kvamme sitt tredje år som teatersjef. Åremålet går ut 2020.

Teateret arbeider systematisk for å redusere risiko og leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø. Eit viktig element i helse miljø og tryggleiksarbeidet er tea-

teret si avtale med bedriftshelsetenesta Stamina. Teateret er IA verksemd og har signert avtale om inkluderande arbeidsliv.

Totalt sjukefråvær i 2018 var 167 dagar. Dette svarar til 2,2 % av total arbeidstid i året og vi er nøgde med å konstatere at dette er lågare enn i 2017. Teateret har eigne interne rutinar for oppfølging av sjukemelde. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2018.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 14,5 årsverk kvinner og 14,6 årsverk menn. Av vitskapeleg og kunst- og kulturfagleg personale brukte teateret 9,7 kvinnelege og 10,7 mannlige årsverk i 2018. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og tre menn. Ved tilsetting prøver teateret å utjamne eventuell ubalanse mellom kjønna. Utover dette ser ikkje styret nokon grunn til å setje i verk tiltak.

Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet ved teateret. Vi har tydelege presiseringar i interne retningslinjer og null toleranse for all form for trakassering og diskriminering.

Førde 26.februar 2018

Rasmus Mo



Styreleiar



Eva Marie Halvorsen

Varamedlem fylket

Eigedelar og miljø

Sogn og Fjordane Teater leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset av Førde kommune. Det vart signert ei ny leigeavtale med kommunen i 2018, som gjeld til og med 2023. Det er avtalt kortare leigetid enn tidlegare grunna arbeidet med å greie ut flytting til det planlagde Nynorskhuset i Førde.

Kommunen låner òg ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret mot at teateret held ved like bygningen. Huset vert nytta som bustad til engasjerte skodespelarar og anna tilreisande personale.

Teateret leiger og eit fjernlager i Førde.

Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde, ein lastebil og ein varebil. Elles leiger teateret fleire transportmiddel og bustader der det er behov for det.

Det er ikkje gjort nokon store investeringar i 2018. Det er planlagt fleire investeringar i 2019, både til transport, lyd- og lysutstyr. Nytt utstyr aukar kvaliteten for publikum og gjer at arbeidet i samband med turnéverksemd er meir effektivt.



Iris Loftheim

styremedlem



Kjell Furevik

tilsettere representant

Investeringsbehov vert gjennomgådde kvart år i samband med budsjettarbeidet. Scena i Førde og trosseriggen til turné vert sertifiserte kvart år. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2018.

Teateret har halde fram med å leige og låne ut teknisk utstyr, kostyme og lokale til lag, organisasjonar, skular og teatergrupper. Teateret sitt personale bidreg òg med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillige der det lèt seg gjere.

Teateret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

Vidare drift

Styret vurderer det slik at teateret har overhalde føresetnadene knytte til dei offentlege tilskota, og at både resultat og måloppnåing er tilfredsstillande. Styret er nøgd med at teateret held fram med å styrkje si stemme og relevans i Sogn og Fjordane.

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.



Ola Tarjei Kroken

styremedlem



Bodil Kvamme

teatersjef

FYSIKARANE



Urpremière 2. februar i Førdehuset, Teatersalen
Framsyingar: 16
Publikum på framsyingar: 451
Formidlingsarrangement: 5
Publikum på formidlingsarrangement: 237

Av Friedrich Dürrenmatt
Omsetjing Carl Fredrik Engelstad
Til nynorsk ved Idun Losnegård, Kyrre Eikås Ottersen og Reidun Melvær Berge
Regi og visuelt uttrykk Bodil Kvamme
Lysdesign Krystian Myska
Lyd Robert Tomkiewicz
Teaterforlaget Folmer Hansen

Medverkande

Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Reidun Melvær Berge
Lasse Lindberg
Thomas Bipin Olsen

Turné

Turnéleiar/sjåfør Odd Magne Herland
Inspisient/teknikar/lys Krystian Myska
Scenemeister/snikkar Kjell Furevik
Teknikar/lyd Robert Tomkiewicz
Teknikar/rekvisitt Tore Eide

Rekvisitør

Reidun Støfring
Systove Anna Wingård
Sufflør Marion Aas Wie
Marknad, informasjon og sal
Lene Grande, Kjell Mjelleli og Marion Aas Wie



Formidlingsarrangement i samarbeid med Rom for ord, Førdehuset, Førde bibliotek og Verda og vi.

«Dei fekk oss til å le, men latteren sat stort sett fast i halsen, for ein oppdaga jo etter kvart at dette var rame alvor.»

Fjordingen

«Skremmande aktuelt.»

Firda





«Lattermild og treffande framsyning.»

Avisa Hordaland

«100 prosent bygdekultur.»

Avisa Hordaland

*«At det går an å få sagt
so mykje utan å seie noko
i det heile.»*

Fjordingen

PÅ LOKALET



Foto: Oddleiv Apneseth

Nypremierre 2. mars
i Viking i Førde
Framsyingar: 36
Publikum: 2.753

“På lokalet” vart spelt i Sogn og
Fjordane, Rogaland og Hordaland

Av Arne Fagerholt
Etter idé av Bodil Kvamme
Koreografi/ regi Arne Fagerholt
Kostymedesign/scenografi Dordi Strøm
Maske/sminke Live Brendmo Søreide
Musikalsk tilrettelegging Arne Fagerholt
og Harald Dahlstrøm
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande

Idun Losnegård
Christer Tornell
Erlend Auestad Danielsen
Anne Guri Tvedt
Vilde Viktoria Madsen
Åse Marie Eide Rannestad
Joakim Thrane

Turnéleiar/sjåfør Odd Magne Herland
Inspisient/teknikar/lys Krystian Myska
Scenemeister/snikkar Kjell Furevik
Teknikar/lyd Robert Tomkiewicz
Teknikar/rekvisitt Tore Eide
Teknikar/kostyme og parykk Reidun Støfring
Teknikar/ kostyme Vibecke Nes Vigre
Systove Anna Wingård
Rekvisitør Reidun Støfring
Marknad, informasjon og sal
Lene Grande, Kjell Mjelleli og Marion Aas Wie

MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE



Foto: Oddleiv Apneseth

Première 16. mars i Florø kyrkje
Framsyningar: 12
Publikum: 583
Formidlingsaktivitetar: 2
Publikum på formidlingsaktivitetar: 90

Av Håvard Rem
Omsetjing Asbjørg Lotsberg
Regi Marit Østbye
Kostymedesign Else Lund
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande
Reidun Melvær Berge

Turnéleiar/sjåfør/teknikar Halldor Horne

Lyd Robert Tomkiewicz
Systove Anna Wingård
Marknad, informasjon og sal
Lene Grande, Kjell Mjelleli og Marion Aas Wie



Formidlingsarrangement i samarbeid med med
Rom for ord, Førdehuset, Førde bibliotek og
Kinn sokneråd.

”Ei overtydande og kjenslevår og vakker førestilling”.

” Det var så ein nesten gløymde å trekkje pusten.”

Fjordingen



*«Rått og sterkt»
«Intenst og nærgående
om krigsgalskap»*

Dag og Tid

*«Sterkt bilde av en enslig
krigsskjebne»*

Bergensavisen



ENGELEN FRÅ KOBANE



Norgespremière på Hordaland Teater
3. september.
Framsyingar: 26
Publikum: 1007

Original tittel: "Angel"

Av Henry Naylor

Omsetjing Elise Risnes Eikevik

Regi og visuelt uttrykk Miriam Prestøy Lie

Med Madalena Sousa Helly-Hansen

Lys Jon Eirik Sira

Teaterforlaget Nordiska ApS

Turnert av Hordaland Teater i Den kulturelle skulesekken
Hordaland

Samproduksjon mellom Hordaland Teater og
Sogn og Fjordane Teater



MEIR INFO/BILLSÅL: hordalandteater.no
sognogfjordaneteater.no
Grieghallens bilj. kontor, tlf. 35 21 61 50
3071 Fvaka



*«Ei fortetta og spreisk framsyning,
der publikum nærast blir sitjande
med hjartet i halsen, men også får
seg ein god latter».*

Fjordingen



YOGAKRIGEN



Foto: Oddleiv Agneseth

Urpremière 13. september på
Teaterfestivalen i Fjaler.
Framsyingar: 22
Publikum: 1.126
Formidlingsaktivitetar: 6
Publikum på formidlingsaktivitetar: 216

Av Ingrid Jørgensen Dragland
Regi Audny Chris Holsen
Koreograf Miriam Førde
Lysdesign Krystian Myska

Medverkande

Idun Losnegård
Reidun Melvær Berge
Oda Kirkebø Nyfløtt
Linn Løvvik
Nina Woxholt

Turné:

Turnéleiar/sjåfør Halldor Horne
Inspisient/teknikar/lys/lyd Krystian Myska
Scenemeister/snikkar Kjell Furevik
Teknikar/rekvisitt Tore Eide
Teknikar Odd Magne Herland

Inspisient Charlotte Prydz Ottesen

Rekvisitør Reidun Støfring

Systove Anna Wingård

Marknad, informasjon og sal Lene Grande, Kjell
Mjelleli og Marion Aas Wie



Formidlingsarrangement i samarbeid med med
Rom for ord, Førdehuset, Førde bibliotek og
Svidal skrivi.

EG ER I GÅR




Foto: Johan Moen

Urpremière 27. oktober
i Førdehuset, Storsalen.
Framsyningar: 20
Publikum: 2.995
Formidlingsaktivitetar: 8
Publikum på formidlingsaktivitetar: 213



**Den kulturelle
skulesekken**

Turné i samarbeid med Den kulturelle skulesekken i ungdomskulen i Sogn og Fjordane.

Manus og regi Bodil Kvamme
Basert på intervju av Janne Karin Støylen og Bodil Kvamme
Koreograf Hilde Sol Erdal
Foto og videodesign Johan Moen
Lysdesign Krystian Myska
Kostyme Anna Wingård
Rekvisitør Synnøve Ringdal
Koreografassistent Miriam Førde
Musikalsk tilrettelegging Harald Dahlstrøm
Inspisient Karoline Solbakken

Medverkande
Kyrre Eikås Ottersen
Marit Østbye
Claus Sellevoll
Annlaug Børshheim

Dansarar
Sarah Thingnes, Kolbjørn Bergset, Tollef Årdal, Elin Grytting, Arne Fossøy, Kjersti Marie Imerlund, Gunvor Grov, Marit Aafedt Fjærestad, Erling Berge, Sigrun Vigdal, Marit Helgheim, Else Tystad, Solfrid Helgheim, Anne Karin Olsen.

Turné:
Turnéleiar/sjåfør Halldor Horne
Inspisient/teknikar/lys Krystian Myska
Teknikar lyd Robert Tomkiewicz
Scenemeister/snikkar Kjell Furevik
Teknikar/rekvisitt Tore Eide
Teknikar: Odd Magne Herland

Marknad, informasjon og sal Lene Grande, Kjell Mjelleli og Charlotte Prydz Ottesen.

«Varmt og vakkert, men sårt» ...»

«...ei velforma forestilling som trefte publikum på fleire plan»

Fjordingen

«Dei er i går, men er her»

«Eg er i går er ei oppmoding til dei generasjonane som kjem etter; spør og grav!»

Firda

«Eg er i går byr på ein mosaikk av glede og vedmod»

Dag og Tid

«Framsyninga gav eit godt tidsbilete frå ein lang epoke, med både glede og sorger, kjærleik og vonde brot...»

Sogn avis



«Spørsmålet ein sit att med etter framsyninga er om dei nasjonale prøvene i leseferdigheiter og matematikk set dei mellommeneskelege forhold i skuggen»

Fjordingen

NASJONAL PRØVE




Foto: Oddleiv Agneseth

Première 2. november
på Firda vidaregåande skule
i Førde, Teatersalen
Framsyingar: 21
Publikum: 1.443
Formidlingsaktivitetar: 15
Publikum på formidlingsaktivitetar: 1154

Av Maria Tryti Vennerød
Regi og visuelt uttrykk Jeff Pedersen
Lysdesign Atle Øydvin
Kostyme Synnøve Ringdal

Medverkande
Reidun Melvær Berge
Wilhelm Støylen
Vibeke Oskal

Elevar ved Firda vgs, dramalinja:
Andrine Gald Myklebust
Andris Ødegård
Cecilie Pleym Lund
Eilin Styve
Ingrid Aarnes Solli
Mina Susanne Kjerpeset
Nikoline Samuline Førde Torvanger
Rakel Sørhaug
Synne Rebni
Thea Kalhagen Kjos-Wenjum
Thea Louise Esp
Thea-Victoria Kvåle Ytre-Hauge

Marknad, informasjon og sal Lene Grande

Turné på skular i Nordfjord



**Den kulturelle
skulesekken**





HEDDADAGANE

INVASJON!

8.-9. juni
Gjestespiel på Teater Manu
Framsyningar: 3
Publikum: 157

Av Jonas Hassen Khemiri
Omsetjing Kristin Auestad Danielsen
Regi/scenografi/kostyme Frode Gjerløw
Lysdesign Krystian Myska
Lyddesign Ross Flight
Teaterforlaget Colombine

Medverkande:
Frode Gjerløw
Idun Losnegård
Kadir Talabani
Reidun Melvær Berge
Thomas Bipin Olsen

Turnéleiar/sjåfør Halldor Horne
Scenemeister/snikkar Kjell Furevik
Sceneteknikar/lyd Robert Tomkiewicz
Teknikar/rekvisitt Tore Eide
Inspisient/teknikar Julie Bakke Kvalen

Rekvisitør Reidun Støfring
Systove Anna Wingård
Marknad, informasjon og sal Lene Grande



Foto: Arne Stubhaug

KINNASPELET

– SONGEN OM DET STORE DJUP

15.-16. juni på Kinn
Framsyningar: 4
Publikum: 1.800

Av Rolf Losnegård
Komponist Per Janke Jørgensen
Regi Jeff Pedersen
Musikalsk ansvarleg Harald Dahlstrøm

Medverkande
Idun Losnegård
Jeppe Beck Laursen
Kyrre Eikås Ottersen
Peter Førde
Reidun Melvær Berge
150 amatørar

Musikarar
Harald Dahlstrøm
Rolf Prestø
Adele Halten
Jakob Wyrzt
Arne Hammer

Inspisient Jenny Pettersen
Teknikk Odd Magne Herland
Lyd Robert Tomkiewicz

Sminke/maske Live Brendmo Søreide
Kostymeansvarleg Anna Wingård



Eit samarbeid med
Kinnaspelet og med bidrag
frå distriktsmusikarordninga
i Sogn og Fjordane.



VINJE, VÅR MANN

Urpremière 1. juni
i Haarklausalen i Førde
Framsyingar: 10
Publikum: 670

Medverkande

Lars Amund Waage
Kyrre Eikås Ottersen
Aasmund Kaldestad

Manus Lars Amund Waage

Regi Bodil Kvamme

Idé og prosjektutvikling Janne Karin Støylen,
Rom for ord



Framsyinga er produsert av Sogn og
Fjordane Teater med støtte frå stiftinga
Fritt ord, Norsk kulturråd og Rom for ord.

*“- Eg var ingen Vinje-kjennar før
premieren under kulturnatta i
Førde i juni. Kvaliteten i tekst og
framføring er så god at vår mann
vart raskt til min. ”*

Firda



EVENTYR- ROMMET

«Månen som ville lyse som ei sol»
av Elin Grimstad med Wilhelm Støylen

”Bymusikantane frå Bremen”
av Grimm-brørne med Wilhelm Støylen

«Vesle-Hans og møllaren»
Av Oscar Wilde med Kyrre Eikås Ottersen
og Wilhelm Støylen

Teaterleik og Scenekamp
med Karoline Solbakken og Jeff Pedersen

“Tommeliten”
av Asbjørnsen og Moe med Oda Alisøy


“Geitejazz”
med Idun Losnegård og Jakob Wyrzt,
i samarbeid med Førde kulturskule

“Gilgamesh”
med Rolf Losnegård

Bornas Verdsdagar Førde (gratisarrangement)
Geitejazz, i samarbeid med Førde kulturskule og
Førdefestivalen

Jul i Førdehuset (gratisarrangement)
Juleforteljing, julesong og juleverkstad i samarbeid med
Førde kulturskule

Sokkedokkeverkstad med Anna Wingård



GJESTESPEL

Nynorsk barnebokfest er ei årleg feiring av den nynorske barneboka.

På Nynorsk barnebokfest vert kulturhus fylt med høgtlesing, skrivning, skodespel, kunstutstilling og eventyr. Dette er ein fest for heile familien med fine forteljingar og aktivitetar i kvar krik og krok!

I 2018 vart det gjennomført Nynorsk barnebokfest i Førde, Sogndal og på Os.

Arrangør er Rom for ord, Førdehuset, Førde bibliotek og Sogn og Fjordane Teater, i samarbeid med Sogndal kulturhus og Oseana kunst & kultursenter.

Arrangementet er utvikla med støtte frå Norsk kulturhusnettverk og Nasjonalbiblioteket.



HIMMELSPRINGAREN

Framsyningar: 3
Besøktal: 191



PLING VAKEN!

Framsyningar: 2
Besøktal: 140



BLÅMANN

Framsyningar: 2
Besøktal: 108



SAMARBEIDSPROSJEKT

DET GULE TAPETET



2.-5. august, Harastølen i Luster
Framsyningar: 10
Besøkstal: 800

Av Charlotte Perkins Gilman
Adaptert av Rolf Losnegård og Jeff Pedersen
Regi av Jeff Pedersen,
Produsert av Thea Wiig
Musikk av Selma Frida Stang
Musikkproduksjon av Odd Martin Skålnes,
Scenografi av Tormod Lindgren
Koreografi av Sulekha Omar og Gareth Taylor

Medverkande Kjersti Elvik, Sulekha Omar, Marte Paulsen og Berit Einemo Frøysland

Samarbeid med Jeff Pedersen productions

«Skrekkopplevelse med bodskap på Harastølen»

BT

GJESMEARKIVET



14.-16. juni, Telegrafan i Lærdal
Framsyningar: 14
Besøkstal: 255

Tekst, musikk og lyddesign Jostein Avdem Fretland
Regi Miriam Prestøy Lie
Scenografi, kostyme og maske Vilde Jenssen Hjetland
Lysdesign Sondre Hellandsjø Lysne

Medverkande Oda Kirkebø Nyfløtt, Vincent Vernerie, Fredrik Høstaker, Synne Reichelt Føreland, Angy Avenando, Anne Lise Urdahl, Inger-Johanne Kaardal, m.fl.

Framsyninga er produsert med støtte av: Norsk Kulturråd, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Levande Lokale/LNU, Sogn og Fjordane Teater, Fond for Frilansere, Tynjum Grendalag.

«Det er meisterleg og originalt, det dei har gjort»

Jens Hauge til Sogn avis

LAB-PROSJEKT

NASJONAL PRØVE



Foto: Anna Wingård

“Nasjonal Prøve” av Maria Tryti Vennerød, var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane Teater og Firda vidaregåande skule, og som strekte seg over eit heilt år.

Ein profesjonell instruktør, Jeff Pedersen, jobba i 8 veker (ca 300 timar) i 3 hovudbolkar fordelt over eit skuleår. Den siste perioden var saman med 3 profesjonelle skodespelarar. Klassen fekk i tillegg innføring i dramaturgi, lys, lyd, kostyme og scenografi. Produksjonen vart avslutta med ein 2-vekers turné i regi av teateret i samarbeid med DKS.

Målet med dette prosjektet var å samarbeide med elevar som er interessert i teaterfaget, og vise dei mange av dei ulike yrkesfaga som er på teateret. Rekruttering av skodespelarar med vestnorsk målføre er av stor betydning for eit nynorsk teater som vårt, og ikkje minst rekruttering av ungdommar som publikumarar.

CABARET



Foto: Lene Grande

Cabaret-workshopen vart nytta for å forske i ulike musikalske sjangrar.

Ensemblet ved Sogn og Fjordane Teater, Idun Losnegård, Reidun Melvær Berge og Kyrre Eikås Ottersen er veldig musikalske, og det vart testa ut eit musikkprogram som kan nyttast både når det gjeld oppsøkande verksemd og til musikalske kveldar i Eventyrrommet.

Musikar på dette lab-prosjektet var Harald Dahlstrøm.

STATISTIKK

Framsyingar og publikumstal

	Besøktal	Framsyingar	Formidlings arrangement
Eigenproduksjon			
Fysikarane	688	16	5
På lokalet	2753	36	
Maria Magdalena	673	12	2
Engelen frå Kobane	1007	26	
Kinnaspelet	1800	4	
Vinje, vår mann	670	10	
Invasjon	157	3	
Yogakrigen	1342	22	6
Nasjonal prøve	2597	21	15
Eg er i går	3208	20	8
Eventyrrommet			
Gjestespel			
Gilgamesh	15	1	
Himmelspringaren	191	3	
Blåmann, Blåmann	108	2	
Pling Vaken	140	2	
Scenekamp	21	3	
Månen som ville lyse som ei sol	35	2	
Bymusikantane frå Bremen	76	3	
Teaterleik	30	2	
Samarbeidsprosjekt			
Gjesmearkivet	255	14	
Det gule tapetet	800	10	
Nynorsk barnebokfest	433		3
Anna aktivitet	788	22	
Sokkedokkeverkstad	115	2	
Lab-prosjekt: Nasjonale prøve, Cabaret	25	2	
Skulesamarbeid: utplassering, OD	5		5
Arrangørsamling	20		2
Lansering av Teateråret 2019	80		1

Nøkkeltal

Tal framsyingar	238
Totalt publikum	18032
Tal publikum på eiga scene	4162
Tal publikum på turné	13935
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	15583
Tal formidlingsarrangement	47
Tal publikum på formidlingsarrangement	2448
Tal framsyingar på eiga scene	87
Tal framsyingar på turné	200
Tal kommunar besøkt i Sogn og Fjordane	23
Tal kommunar besøkt utanfor Sogn og Fjordane	13
Tal ulike spelelokale i Sogn og Fjordane	64

PERSONALE

LEIING

Bodil Kvamme
Teatersjef

Margunn Grytten Selvik
Direktør

ADMINISTRASJON

Reinert Hukset
Økonomi- og administrasjonsarbeidar

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Lene Grande
Informasjons- og marknadssjef

Kjell Mjelleli
Sals- og marknadsansvarleg

PRODUKSJON

Karoline Solbakken - produksjonsleiar

Kenneth Røssandhaug - teknisk sjef
og turnéleggjar

SKODESPELARAR

FAST TILSETTE

Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Reidun Melvær Berge (2016-2019)

Skodespelarar, engasjerte

Annlaug Børsheim
Claus Sellevoll
Frode Gjerløw
Jeppe Beck Laursen
Kadir Talabani
Lasse Lindberg
Linn Løvvik
Madalena Sousa Helly-Hansen
Marit Østbye
Nina Woxholtt
Oda Alisøy
Oda K. Nyfløtt
Peter Førde
Thomas Bipin Olsen
Vibeke Oskal
Wilhelm Støylen

DANSARAR, ENGASJERTE

Anne Guri Tvedt
Christer Tornell
Erlend Auestad Danielsen
Joakim Thrane
Vilde Viktoria Madsen
Åse Marie Rannestad

ELEVAR NASJONAL PRØVE

Andrine Gald Myklebust
Andris Ødegård
Cecilie Pleym Lund
Eilin Styve
Ingrid Aarnes Solli
Mina Susanne Kjerpeset
Nikoline Samuline Førde Torvanger
Rakel Sørhaug
Synne Rebni
Thea Kalhagen Kjos-Wenjum
Thea Louise Esp
Thea Victoria Kvåle Ytre-Hauge

DANSARAR "EG ER I GÅR"

Anne Karin Olsen
Arne Fossøy
Elin Pehrson Grytting
Else Tystad
Erling Berge
Gunvor Grov
Kjersti Marie Imerslund
Kolbjørn Bergset
Marit Aafedt Fjærestad
Marit Helgheim
Sarah Thingnes
Sigrun Vigdal
Solfrid Helgheim
Tollef Årdal

MUSIKARAR, ENGASJERTE

Aasmund Kaldestad
Adele Halten
Arne Hammer
Harald Dahlstrøm
Jakob Wyrzt
Lars Amund Vaage
Rolf Prestø

GJESTESPEL/ FORMIDLINGSARRANGEMENT

Adele Lærum Duus
Erik Tandberg
Irene Ahnell
Marianne Magelssen
Monika Solheim
Rolf Losnegård
Siw Elena Skinnemoen
Vincent Vernerie

REGISSØR/KOREOGRAF

Arne Fagerholt - Regissør og koreograf
Audny Chris Holsen - regissør
Bodil Kvamme - regissør/ dramaturg
Frode Gjerløw - regissør
Hilde Sol Erdal - koreograf
Jeff Pedersen - regissør
Miriam Prestøy Lie - regissør
Marit Østbye - regissør
Miriam Førde - koreograf

MANUS/OMSETJING

Arne Fagerholt
Bodil Kvamme
Friedrich Dürrenmatt/ Carl Fredrik Engelstad
Henry Naylor / Elise Risnes Eikevik
Håvard Rem/ Asbjørg Lotsberg
Ingrid Jørgensen Dragland
Jonas Hassen Khemiri/ Kristin Austad Danielsen
Lars Amund Vaage
Rolf Losnegård

VISUELL DESIGN

Dordi Strøm - scenografi og kostymedesign
Frode Gjerløw - scenografi og kostymedesign
Johan Moen - foto og videodesign
Jon Eirik Sira - lysdesign
Krystian Myska - lysdesign
Live Brendmo Søreide - Maske/ sminke
Ross Flight - videodesign

TEKNISK PERSONALE

Agnes Alisøy - tekniskar/sufflør
Anna Wingård - kostymeansvarleg
Atle Øydvin - lysteknikar
Halldor Horne - tekniskar/sveisar
Kjell Furevik - tekniskar/snikkar
Lillian Digernes - reinhald
Odd Magne Herland - tekniskar
Reidun Støfring - tekniskar/rekvisitør
Robert Tomkiewicz - lydtekniskar
Synnøve Ringdal - rekvisitør
Tore Eide - tekniskar

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Anette Eide Røsandhaug - kostymesyar
Anita Herland Terum - frisør
Charlotte Prydz Ottesen - inspisient/marknadskonsulent
David Zadig - foto
Espen Nyttningnes - foto/film
Heidi Hattestein - tekst
Jan Tjønneland - tekniskar
Janne Karin Støylen - tekst
Jenny C. Petersen - inspisient
Julie Bakke Kvalen - inspisient
Laila Mullen - reinhald
Margit Martiniussen - reinhald
Marion Aas Wie
Sals- og marknadskonsulent
Per Janke Jørgensen - komponist
Rebecca Dahle - kostymesyar
Thomas Morel - foto
Tina Gulestøl - sminke
Trude Lindblom - frisør
Vibecke Nes Vigre - tekniskar

SAMARBEIDSPARTAR

Den kulturelle skulesekken Sogn og Fjordane
Førde Bibliotek
Førde Kulturskule
Førdefestivalen
Bornas Verdsdagar Førde
Førdehuset
Gjesmarkivet
Haugesund Teater
Heddadagene
Hordaland Teater
Jeff Pedersen Productions
Kinnaspelet
Kulturnatt i Sunnfjord
Rom for ord
Stiftinga Kinnaspelet
Teater Manu
Teaterfestivalen i Fjaler

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

	Note	2018	2017
Billett og programsal		1 482 651	1 489 360
Anna salsinntekt	13	86 315	39 514
Driftstilskot	7	27 729 000	27 162 714
Sum driftsinntekter		29 297 966	28 691 588
Materialkostnad		766 895	776 499
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 648 523	1 544 498
Kostnad vedk. lokale	10	2 070 850	1 905 180
Lønskostnad	5, 6	20 043 644	19 492 686
Avskrivning	1	585 889	674 263
Annen driftskostnad	6	4 454 464	3 969 618
Sum driftskostnader		29 570 265	28 362 744
Driftsresultat		-272 300	328 843
Renteinntekt		13 685	16 864
Rentekostnad		-59 556	-67 108
Årsresultat		-318 171	278 599
Disponering av årsresultatet			
Overført til annan eigenkapital		0	278 599
Overført frå annan eigenkapital		318 171	0
Sum disponert		-318 171,00	278 599,00

BALANSE PR. 31.12.

	Note	2018	2017
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	4 921 250	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontor-maskiner o.l.	1	1 675 833	2 226 587
Sum varige driftsmiddel		6 597 083	7 147 837
Finansielle anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskot KLP	5	655 038	587 656
Sum finansielle anleggsmidler		655 038	587 656,00
Sum anleggsmiddel		7 252 121,00	7 735 493,00
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	11, 12	251 584	73 294
Andre fordringar	8	108 378	42 082
Sum fordringar		359 962	115 376
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	1 034 116	1 504 480
Sum omløpsmiddel		1 394 078	1 619 856
SUM EIGEDELAR		8 646 199	9 355 349

	Note	2018	2017
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3,4	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	3	3 951 130	4 269 302
Sum opptjent egenkapital		3 951 130	4 269 301
Sum egenkapital	3	4 051 130	4 369 301
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjoner	12	0,	1 425 000
Sum annen langsiktig gjeld		0,	1 425 000
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	592 726	0
Leverandørgjeld		554 816	523 973
Skuldige offentlege avgifter		1 490 527	1 202 215
Anna kortsiktig gjeld	9	1 956 999	1 834 859
Sum kortsiktig gjeld		4 595 068	3 561 047
Sum gjeld		4 595 068	4 986 047
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		8 646 199	9 355 349

Førde 26.februar 2018



Rasmus Mo
Styreleiar


Iris Loftheim
Nestleiar


Ola Tarjei Kroken
Styremedlem


Kjell Furevik
Styremedlem


Bodil Kvamme
Teatersjef/dagleg leiar


Eva Marie Halvorsen
Varamedlem

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2017

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventa levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Utstyr	Bygningsinnreng	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	80 000	1 820 969	229 611	2 177 863	1 751 032	16 415 557
Tilgang				35 135			35 135
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	80 000	1 820 969	264 746	2 177 863	1 751 032	16 450 692
Akk. avskrivningar 31.12.			1 303 115	135 908	1 236 218	1 743 537	4 418 778
Balansført verdi pr. 31.12.	4 921 250	80 000	517 854	128 839	941 645	7 495	6 597 083
Avskrivningar i år							
	0	-	139 428	34 919	407 943	3 599	585 889

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	933 305	728 172

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 1,5 mill.

Note 3 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	4 269 301	4 369 301
Resultat i år		-318 171	-318 171
Eigenkapital 31.12	100 000	3 951 130	4 051 130

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	8	80 %
Førde kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 5 Pensjon

Teateret har fram til 30.06.2016 hatt ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan). Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse har i hovudsak vore avhengige av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Frå 01.07.2016 gjekk teateret over til ei innskotsbasert pensjonsordning. Det er i samband med overgangen balanseført eit eigenkapitalinnskot til KLP på kr 655 038,- under finansielle anleggsmidlar pr. 31.12.2018 for handtering av forpliktelsane inngått i tidlegare ytelsesordning.

Teateret sine tilsette har i tillegg ei tariffesta AFP-ordning (usikra). Forpliktelsen ifølgje ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga vert finansiert gjennom premieinnbetalingar.

Teateret si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

	Fast	Kontrakt	Sum
Under 30 år	1	2	3
Frå 30 til 40 år	2	2	4
Frå 41 til 50 år	7	0	7
Frå 51 til 64 år	7	0	7
Frå 64 til 70 år	2	0	2
Sum	19	4	23

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Premie AFP-ordning	207 034	243 368
Pensjonspremie til innskotsordning	1 795 567	1 046 233
Pensjonspremie til kollektiv ordning	325 441	378 920
Eigenandel pensjon tilsette	-205 185	-203 021
Netto pensjonskostnad i år	2 122 857	1 465 500

Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	17 230 991	17 328 831
Arbeidsgjevaravgift	2 032 030	1 764 675
Pensjonskostnader	2 122 857	1 417 102
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-1 688 757	-239 127
Andre lønsrelaterte ytingar	346 523	-778 795
Sum	20 043 644	19 492 686

Antall årsverk har vore 29 (fast + engasjement/frilans m.m). Det har vore 19 fast tilsette og 4 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	874 342	78 080
Anna godtgjersle	47 421	

Pr 31.12.18 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 72 625, av dette er kr. 56 000 knytt til revisjon og resten til andre tenester. Beløpet er inkludert meirverdiavgift.

Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	19 410 000	19 000 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	6 239 000	6 127 000
Ordinært tilskot Førde kommune	2 080 000	2 035 714
Andre offentlege tilskot	0	0
Sum	27 729 000	27 162 714

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	29 631	22 082
Periodisering inntekter	60 001	0
Kortsiktig lån tilsette	18 745	20 000
Sum	108 378	42 082

Note 9 Anna kortsiktig gjeld	I år	I fjor
Skuldig feriepengar/ løn	1 715 077	1 719 011
Skuldig løn	0	0
Påløpne kostnader	241 922	115 848
Sum	1 956 999	1 834 859

Note 10 Leigeavtaler	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	1 470 033

Det er inngått ny leigeavtale med Førde Kommune gjeldande fom. 1.1.2019 med tilnærma like villkår som tidlegare

Note 11 Kundefordringar	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	194 384	25 711
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	57 200	47 583
Kundefordringar 31.12.	251 584	73 294

Note 12 Gjeld - gjeld sikra med pant	I år	I fjor
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	1 425 000
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	592 726	0
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	592 726	1 425 000

Selskapet har ein kassakreditt limit på NOK 3 mill.
Balanseført verdi av pantsette eigedelar

Varige driftsmidler	2 460 725	2 460 725
Kundefordringar	251 584	73 294
Sum 31.12.	2 712 309	2 534 019

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn 5 år	I år	I fjor
	0	1 050 000

Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	15 615	20 530
Andre inntekter	70 700	18 984
Sum	86 315	39 514



“Fysikarane” av Friedrich Dürrenmatt

Til generalforsamlingen i Sogn og Fjordane Teater LL

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane Teater LLs årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2018, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2018, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsøkonomikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsøkonomikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innholdet i revisjonsberetningen tilstrekkelig og kausalsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så hensende.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsøkonomikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig

PricewaterhouseCoopers AS, Næringsveien 1B, NO-0600 Forde
T: 02916, Org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsøkonomikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISA#) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsøkonomikk i Norge.

Forde, 26. februar 2019
PricewaterhouseCoopers AS



Jan I. Lølo
Statsautorisert revisor



